



Årsmelding for året 2025

Nordhordland Turlag

1. Innleiing ved leiar

Året 2025 vart eit svært bra år for Nordhordland Turlag! Aktiviteten var særst høg gjennom heile året. Vi har ein stor frivillig ressurs som yter og gleder mange med sin innsats. Kort i tal:

- 2053 medlemmar
- 5216 deltakarar
- 155 turar og arrangement
- 130 km med merking og varding av T-stiar vi har dugnadsansvar for
- 5400 besøk på dei fire turisthyttene vi har dugnadsansvar for
- 10200 dugnadstimar

I Friluftslivets år 2025 sitt mål var å invitere endå fleire ut i naturen. Vi starta året med fire arrangement i Nordhordland 18. januar med «Heile Norge bålet». Utover året hadde vi heile nitten opne arrangement herunder store samlingar med Lars Monsen og André Marton Pedersen.

Vi er nøgde med variasjonen i tilbodet vårt. Vi har store arrangement med mange hundre deltakarar og vi har helgeturar med fire deltakar, alle vanskegrader, i mange landskapstypar, frå bål i fjæresteinane til telt i Jotunheimen, ulike deltakargruppe, ulike aldrar og ulike turar rundt i Nordhordland, Stølsheimen og Vestland. Vi brukar beina, hjul, ski, årar, båtar og buss for å komme oss rundt. Lågterskel-turane i nærområda og båtturar i Osterfjorden, Alden og Solund med kulturinnslag er svært populære, og tematurar får fort full påmelding.

Det største høgdepunktet i 2025 var avklaring for at vestre Stølsheimen og området rundt Skavlabu ikkje vert knust av vindkraftindustri. 10. april sa eit solid overtal i Modalen nei til utbygging av vindkraft. **Tusen takk til alle einskilde, frivillige, interessantar og spesielt Bergen og Hordaland Turlag og Folk for Fjella for avgjerande engasjement!**

I 2025 vil vi særleg trekkje fram

- Vi inkluderar fleire i aktiviteten vår og vi har medlemsrekord!
- DNT Tilrettelagt famnar mange og er vorte eit robust tilbod
- Turboklubben etablerte naturleikeplass i Knarvik

- Lågterskel-tilbodet har auke i tal og variasjon
- Samarbeidet for å mobilisere for Stølsheimen utan vindkraftindustri
- Fjellfesta på Skavlabu i september fekk mange og fleire nye til fjells, ei nydeleg feiring og hyllest til Stølsheimen
- Programgruppa for fjellfesta tok initiativ til å lage T-skjorter med Stølsheimen-trykk
- Vi har mange fellesturar og kurs, som trekkjer folk frå alle kantar, og vi får stadige tilbakemeldingar om å ha eit synleg og attraktivt turprogram
- Ny gangbru og treklopper over Vågsbotn/Kvingo vart bygd ved stistart frå Kvingo til Kalvedalen
- Hyttene og t-rutene vi har ansvar for har høg standard
- Jan Ivar Berge vart takka av for 25 år som leiar i merke- og rutegruppa vår
- Høg kompetanse blant frivillige som er turleiarar, aktivitetsleiarar, sertifiserte, breførar, kursleiarar, nevenyttige og arbeidsame dugnadsfolk alt i hop. Laget har utruleg mange frivillige som legg til rette for naturopplevingar for andre
- Børge Brundtland fekk DNT sin høgthengande Hedersknapp

2. Organisasjon

Styret i Nordhordland turlag 2025

Leiar: Kjetil Eikefet, nestleiar: Jane Britt Daae. Frå august 2025 har Jane Britt hatt oppgåver som styreleiar. Styremedlem: Monica D. Skauge, Irene J. Haugen, Kristine Lunde, Ann-Magritt Markhus Manger og Silje S. Sudmann. Styret i Nordhordland Turlag har hatt 9 møter i 2025.

Saker styret har jobba med:

- Turprogrammet. Idemyldringskveld med forslag til turer i 2025
- Markedsføring av turlaget og turprogrammet
- Kysthytta på Rongevær og drifta der
- Barne- og ungdomssarbeid, Turboklubb
- Samling og kursing for frivillige
- Planlegging og gjennomføring av frivilligsamlingar
- Samarbeid med Alver kommune om Friluftslivets år 2025

Frivillige i ulike grupper og aktivitetar i Nordhordland Turlag:


- Hyttetilsyna for turisthyttene:
 - Vardadalsbu ved Solfrid Hjelmtveit
 - Skavlabu ved Ingebjørg Nachtnebel Pollen
 - Kalvedalshytta ved Åse Øvrestand
 - Rongevær Kysthytte ved Knut Espetvedt
- Merke- og rutegruppa: Svein Even Grindheim tok over oktober 2025
- DNT Tilrettelagt: Tanja Resink
- Turboklubben: Knarvik/Alversund ved Monica Skauge
- Padlegruppa: Børge Brundtland og Knut Espetvedt

- Onsdagsturane i Masfjorden er driven av dei tre fjelltrimsgroppene i kommunen
- Fellesturar og turprogramgruppe: Liv Anne Aanensen, Svein Even Grindheim, Børge Brundtland (leiar) og Silje S. Sudmann
- Valnemnd: Arne Eikefet og Silje Garild (eit medlem har trekt seg)
- Biosfærerådet Nordhordland: Arnhild Hatland
- Fellesmøtet til Bergen og Hordaland Turlag i november: nestleiar og styremedlem deltok
- Styret i Bergen og Hordaland Turlag: Tanja Resink
- Redaksjonsnemnda til Bergen og Hordaland Turlag: Liv Anne Aanensen
- Æresmedlemar i Bergen og Hordaland Turlag: Bjørn Olav Hagesether og Asle Hindenes.

3. Medlemmar og utvikling

Nordhordland Turlag har hatt ein fin medlemsvekst i 2025 med 36 medlemmar og 1,8 % opp mot 2,2% opp i 2024. I utgangen av 2025 stod **2053** medlemmer på lista til Nordhordland turlag. Laget har no over 2000 medlemmar igjen, og endeleg forbi det høgaste medlemstalet vi hadde i 2020, då hadde vi 2021 medlemmer som er det høgaste talet nokon gong. **Det er difor historisk at vi i 2025 har fått 2053 medlemmar og har det høgaste medlemstalet nokon sinne i Nordhordland turlag.**

Nordhordland har vel 35 000 innbyggjarar og med over 2000 medlemmer i Turlaget tilsvara det 5,7 % av befolkninga.



2025.

Tidenes høgaste i

Eit godt og svært variert turprogram, attraktive hytteanlegg og sterk frivilligheit. Samt god marknadsføring, med mellom anna stand på Knarvik Mila-helga har gjeve oss ei auke i medlemstalet i igjen, i 2025. Fordelane av å vere medlem i turlaget er mange og det er viktig

for inntektsgrunnlaget. Som medlem bidrar du til vedlikehald av ruter og hytter slik at dei er der for deg i framtida. Det er viktig å vera medlem sjølv om du ikkje kan nytta tilbodet fullt ut akkurat i år.

4. Aktivitet i laget 2025 - høgdepunkt frå turar, arrangement og kurs

I 2025 har det som dei siste åra vore stor aktivitet i Nordhordland Turlag. Vi har stabil og god drift. Mange ulike turar og arrangement er planlagt og gjennomført. Nokre faste gjennom året, andre eingongsopplevingar av dei sjeldne. Klassiske turar som blir gjenteke og fullteikna år etter år. Nye, spennande turar som deltakarar kjem langvegs frå for å delta på. Nordhordland turlag er kjent for sitt brede og artige turprogram.

I år har Nordhordland turlag satsa på å arrangere samling for alle frivillige i laget. To samlingar, ei på Molvik Gard i mai og ei på Bruvoll camping i november. Begge vart stor suksess og noko dei frivillige set pris på. Det er viktig for styret og vise at ein verdset det arbeidet frivillige legg ned i turlaget i løpet av eit friluftsår.

For 2025 er tal aktivitetar og deltakarar gått opp i høve til 2024, til 5216 frå 3867.

Det skuldast fleire opne og to store arrangement.

Kjekke tal å sjå oppsummert her:

- 14 kursaktivitetar med 187 deltakarar
- 19 opne arrangement med 1728 deltakarar
- Turbo med 17 arrangement og 511 deltakarar
- Opptur med 374 åttande klassingar, 40 lærarar og 19 frivillige
- 3 bålfrukoster med 78 deltakarar
- DNT Tilrettelagt med *Klart det går* og FTU har mange turar og høge deltakartal
- Seilast i Osterfjorden, Mellesdalen, øyhopping Alden, Svanøy, Utvær og Solund
- Samlingar om motstand til vindkraftindustrien i samarbeid med fleire

I tillegg har vi eit kjernetilbod som er variert og attraktivt.

Friluftslivets år 2025

Vi markerte starten på Friluftslivets år 2025 med samling rundt bålet ved fire ulike stader i Nordhordland 18. januar. *Heile Norge bålar*, eit nasjonalt arrangement denne dagen. Tilsvarende slutta vi oss til *Natt i naturen* i anledning friluftslivets år – overnatting i Haltejohansvika på Frekhaug i september.

Fleire av tilboda våre i 2025 har hatt logo til Friluftslivets år t.d. fjellfesta på Skavlabu for å synleggjere at dette er eit ope og gratis arrangement.

Nordhordland Turlag og Alver kommune samarbeida i mars om eit inspirerende seminar for frivillige i anledning friluftslivets år. Lag møttest på tvers, for faglege innlegg og sosial mingling. Kvelden resulterte i både ny inspirasjon og fleire nye samarbeidskontaktar.

DNT Tilrettelagt

DNT Tilrettelagt i Nordhordland Turlag hadde eit svært aktivt år i 2025 med 49 turar og over 850 deltakarar, støtta av 15 frivillige.

- Året starta med tre populære bålfrokostar i samarbeid med Turboklubbane, med totalt 78 deltakarar.
- «**Klart det går**»-gruppa gjennomførte 27 turar vår og haust, nådde 459 deltakarar og opplevde klar vekst i deltaking samanlikna med året før. Gruppa satsa vidare på rullestolvennlege turar og samarbeid med andre organisasjonar, mellom anna Parkinson Unity Walk.
- To «**Hyttetur light**»-helgeturar vart arrangerte, begge fullteikna og viktige for rekruttering av nye deltakarar og medlemmar.
- **FTU-tilbodet** for utviklingshemma gjennomførte 16 turar med heile 521 deltakarar og stor oppslutnad gjennom året.

I 2025 vart det produsert **fire profesjonelle filmar** som synleggjer DNT Tilrettelagt sitt arbeid lokalt og nasjonalt.

Det vart **investert i nytt utstyr** og mottatt tilskot frå fylkeskommunen og tidlegare støtte frå Sparebanken Norge.

Barn og unge:

Turboklubben

Alversund/Knarvik har etablert seg godt og hatt mange fine turar dette året. 17 arrangement og 511 deltakarar! Dei går inn i sitt tredje år og har utvida til å arrangere overnattingstur på Molvik Gard i tillegg til eit mangfald av spennande turar for dei yngste.

Sykkelturar, bålturar og insektssafari. Størst av alt dette året må ha vore åpninga av den flotte nye naturleikeplassen i Knarvik, som vart laga etter kurs. Her fekk vi positiv omtale i lokalavisa med flott artikkel frå opningsfesten. Denne plassen sentralt i Knarvik er flittig brukt av barnefamiliar og er eit godt tilskot til folkehelsa.

Opptur – mai 2025,

Tradisjonen tru gjekk 8.klassingar frå Gjervik til Seim. 375 spreke elevar, 40 tilsette frå 9 skular i tre kommunar (Alver, Austrheim, Modalen) og 19 frivillige frå ulike lag fekk ein flott tur over fjellet. I år gjekk turen motsatt veg enn tidlegare og det fungerte betre med endestopp på Seim versus Gjervik. Turen gjekk frå Hopsdalen via Krossane og Seimsvarden til Furubergtunnelen. Tusen takk til gode frivillige som arrangerte ein trygg og fin tur, spesielt takk til Bjørn Olav Hagesæter som har vore primus motor for dette arrangementet dei siste åra. Premier som blei trekt ut blant deltakare på Opptur var mellom anna overnattingar på hyttene våre. Ein fin måte å auke engasjementet for friluftsliv og turisthytter hjå unge.

I tillegg har det vore ungdomsturar til Skavlabu og Treet gard på Osterøy.

Kom deg ut - dagen vart arrangert 7.september. På Fedje var det ca. 40 store og små på dagsturhytta Aurihop. Grilling og segling med småbåtar.

For 2025 kan vi oppsummere 13 turar med 587 barn, og 11 turar med 727 ungdomar. I talet for opne arrangement ligg fleire arrangement for familie som t.d. bålfrokostar, Natt i

naturen og Kom deg ut-dagen. FTU (Friluftsliv tilrettelagt for utviklingshemma) har gjeve tilbud til mange ungdommar.

Kajakkgruppa

Nordhordland Turlag har hatt eit aktivt og variert padleår i 2025, med mange kajakkturar og kajakksamlingar på programmet. I juni samla 15 padlarar seg til kajakksamling på Bulandet – ei helg prega av flotte forhold og godt sosialt samvær. Seinare på året vart den tradisjonsrike mørkepadlinga i julepynta Bergen ein stor suksess; vindstille, flatt hav og mild desembertemperatur gjorde kvelden heilt magisk for dei 14 deltakarane.

Den spesielle kajakkturen gjennom kanalane og dei tronge tunnelane under motorvegen i Åsane har også blitt ein favoritt. Turen vart arrangert både i august og november, og er like populær kvar gong – ein sjeldan og morosam padleoppleving.

I tillegg arrangerte turlaget den store bre- og kajakksamlinga i Jostedalen. Helga starta fredag med padling på Styggevatnet, 1200 moh, inn mot Austdalsbreen i snøbyger – ei mektig oppleving med brefronten ruvende ned i vatnet. Laurdag stod vandring på Nigardsbreen på programmet, før samlinga vart avslutta søndag med padletur på Lustrafjorden. Totalt fekk 24 deltakarar oppleve eit imponerende spekter av natur og aktivitetar gjennom denne innhaldsrike augusthelga.

Onsdagsturar

Onsdagsturane i Masfjorden gjennomførte 21 turar i 205. Det er idrettslaga i Masfjorden som er ansvarleg for å arrangere desse turane. Turlaget har delt informasjon om tilbodet.

Søndagsturar

Nordhordland Turlag har gjennom 2025 arrangert ei rekkje flotte søndagsturar – både til lands og til vanns. Blant høgdepunkta var den staselege septemberturen over Ådneburen i Masfjorden, frå Nørlandsdalen/Andvik til Kvingedalen, og kajakkturen til Solstråleøya på Os. I sein august stod den vakre turen til Yksendalen, stølen og Nesheimnipa for tur, der dei nye sherpatrappene gjorde inntrykk på mange.

Ein annan populær søndagstur gjekk ein strålande augustdag til Eiterdalen, med innlagde stopp ved to badekulp – og fleire kasta seg uti i det som tidlegare er kåra av Reiseradioen til Noregs beste badekulp. I mai kryssa eit sprekt turfølgje Masfjordfjella frå Fossen til Haugsvær i strålande ver, ei rute som gav både utsikt og ein god søndagstur.

30 turglade tok også turen opp dei varme liene til Fjelde Gard ein søndag i mai, der Ivar Eidsheim nok ein gong tok imot og delte både lune og alvorlege historier frå livet på fjellgarden. Forteljingane spente frå bjørnejakt til den humoristiske tanken om at Stratosmjølka kanskje kjem frå Fjelde – noko som sette ein ekstra spiss på ein frå før av minnerik tur.

Skiturar

Vinteren ga ein heller dårleg skisesong. Med lite snø i fjellet lengta vi etter å få gjennomføre planlagte turar. Tre skiturar fekk vi gjort: Dagstur til Næmdalsfjellet i Modalen i februar, og to helgeturar til Torvedalen og Grindaflet.

Midtveketur – konseptet blei starta i 2022

Midtveketuren i mai 2025 over tre dagar vart ein stor suksess, med strålende start frå Bergen og to magiske netter på Kråkenes fyr. Deltakarane fekk oppleve alt frå fuglefjellet Einevarden og Skongenes fyr til sandstrender, dagsturhytta Kletten og Måløyraid Senteret. Ein triveleg turgjeng og fantastisk vertskap, transport og lokal kunnskap gjorde turen til ei minnerik oppleving – og dette er absolutt ein stad å vende tilbake til.

Kurs: Vi har arrangert 14 kursaktivitetar med til saman 187 deltakarar i 2025

- Kart- og kompass-kurs med Rita M. Mathisen, 4 kurs med kring 40 deltakarar. Kurset er todelt, teori ein ettermiddag og praksis ein annan ettermiddag.
- Kurs i bygging av naturleikeplass «Lag ein naturleikeplass». Kursholder Tor Egil fra Friluftsakademiet sørga for kunnskap og læring og ein ivrig gjeng på 20 stk fekk bygd ein heil naturleikeplass i løpet av ein ettermiddag, midt i Knarvik, i tillegg til gapahuk.
- Skredkurs, i februar med Margrethe Aanesen og Erik Johannessen.
- Aktivitetskurs kajakk på Rongevær, 16 timar med instruktør Eivind Aadland.

Klassiske og nye fellesturar – eit svært variert og spennande utval

17. mai-tur til Kalvedalen var ein nydeleg måte å feire nasjonaldagen på, med glade, spente og takksame turdeltakarar. Feiringa av 17. mai i fjellstrilen sitt rike vart ei nydeleg oppleving, med to dagar gjennom flotte fjellområde frå Sørkvingo til Urdal. Turfølget fekk både nasjonaldagstale av Atle Bondevik på Brudekvilet og gode historier frå Ivar Eidsheim på Fjelde. Ei triveleg gruppe, god hjelp frå Masfjorden Taxi og lån av seter på Nordkvingo gjorde turen komplett.

Vi har hatt fellesturar fleire andre stader på Vestlandet, mellom anna den klassiske *Panorama Folgefonna*. Ein todagers tur i august frå Sunndal via Fonnabu med overnatting, over breen til Holmaskjer og ned til Tokheim. Frå Sunndal går turen oppover Turiststien, via Gardshammaren og turisthytta Breidablikk til Fonnabu. Denne turen er alltid full og har lange ventelister.

Fellesturen «Panorama Osterøy» i juni gav deltakarane tre innhaldsrike dagar med varierte rundar over Høgafjellet, Olsensnipo, Rispingen og Brøknipo – alle med imponerende utsyn over fjordar, fjell og vidder. Turfølget fekk oppleve både kulturhistorie, flotte stiar og spanande terreng, det vart overraskande «høgfjellsfølelse» midt på ei øy.

Fellestur til Brydalsseter i slutten av oktober. Ei lita gruppe blei med til støls denne flotte hausthelga. Det var ein kort tur, men desto meir sosial tur. Her fekk ein høve til å preike med alle.

Fellesturen «Flora og fjell i Stølsheimen» baud på skiftande vær i august. God stemning og eit sprekt turfølge som tok utfordringane på strak arm. Deltakarane fekk oppleve store kontrastar i landskapet – frå frodige dalar og blomsterprakt til bratte stigningar, steinur og karrige fjell. Turen vart ekstra magisk då sola braut fram over Arnafjord, og turleiarane og kjentmann Nils Kvamme fekk stor takk for ei flott helg.

«Eventyrlege Stølsdalen og Ormeli» blei gjennomført i strålande startvær og med ein sporty gjeng som fekk oppleve både dramatiske landskap og rik kulturhistorie. Deltakarane gjekk frå Turtagrø i sol til ein skya nedfart mot Ormeli og Fortundalen, der natur og historie sette sterke inntrykk. På Ormeli fekk gruppa ei lærerik omvising og innblikk i det imponerende restaureringsarbeidet som har pågått der i mange år, før turen vart avslutta med takk til både turfølge og turleiarar.

Sekst dagarsturen «Eventyr i Stølsheimen frå Mofjorden til Sognefjorden» tok ein sprek og samansveisa gjeng gjennom ei variert rute med alt frå frodige lier til gold steinørken og innbydande badekulper. Deltakarane fekk oppleve både sol og varme, men også tåke og ruskevêr, noko som berre gjorde turen endå meir minneverdig. Imponerende gjennomføring og trygg leiding av Åse og Solfrid sette prikken over i-en på eit stort eventyr. Vi har også arrangert hausttur i Bergsdalen i september. Frå Småbrekke via Gullhorgabu for overnatting. Deretter til Høgabu og ned til Lid søndagen i flott vær.

Foredrag og inspirasjonskveldar

5.mars arrangerte vi til det populære foredraget "Turperler på Vestlandet" i Knarren på Knarvik vgs. Fotograf André Marton Pedersen inspirerte folk til å oppdage spektakulære turmål på Vestlandet. Dei omlag 250 personane som fekk plass på dette foredraget, fekk stappfullt av turtips. Både til sommar- og vinterturar, nærturar og meir avanserte turar. Alle var strålande fornøgde og fulle av entusiasme for tursesongen då dei gjekk heim. Dette var gratis og svært populært.

Det store og mest populære var då Nordhordland turlag inviterte til inspirasjonskveld med Lars Monsen 5.november. Vi fylte opp Hjarterommet på Knarvik barneskule med om lag 400 personar. Det var eit aldeles imponerende foredrag på beste Monsen vis om turlivet, livet generelt og verdival. Det er inspirerende og motiverande alt den mannen har gjort av ekspedisjonar og at han alltid søkt nye høgder! Han var også knalltydeleg om at vi har raude flagg for korleis vi brukar naturen vår i Norge. Denne kvelden vart til med hjelp av sponsing frå Sparebanken Norge i Nordhordland. Slike inspirasjonskveldar har Nordhordland turlag prioritert dei siste åra og det er noko både medlemmer og ikkje-medlemmer har satt pris på. Det er stor interesse for slike kveldar, spesielt i den mørke årstida, når folk drøyer og planlegg for ny sommartursesong. Vi slapp nokre godbitar av planlagde turar i 2026 denne kvelden og dei vart raskt fylt opp og vi la ut ekstraturar som også fyllast opp.

Fjellfest på Skavlabu

Fjellfest for å feire at det ikkje blir bygd vindmøller i Stølsheimen vart gjennomført på andre forsøk 13.september. Den planlagde festen i august vart utsett pga. dårleg vær og mykje nedbør.

Rundt 90 turglade menneske samla seg på Skavlabu, 962 meter over havet, for å feire at Modalsfjella held fram med å vere urørt natur. Fjellfesten vart arrangert av Nordhordland Turlag som ei jubelmarkering etter at kommunestyret i Modalen takka nei til vindkraftutbygging i området. Dagen vart markert med 17. mai-stemning, flagg, lokal mat, fanfare og felles song. Blant deltakarane var både barnefamiliar, fjellveteranar og ei tilrettelagd turgruppe, og fleire nytta høvet til å overnatte på hytta.

Tur og kultur – eit flott konsept med ulike turar, noko for ein kvar smak.

Dei siste åra har båtturane til Alden vore fullteikna og populære. I år har vi hatt fleire andre båtturar i tillegg, som også byr på tur og kultur. Sjølv sagt har vi også gått langs veglause strender til Sylvarnes, som så mange gongar dei siste åra. Dette er turar medlemmane våre likar og ventar på.

Seint i august hadde vi ein heilt ny tur på programmet. Tur til Mellesdal i Vaksdal kommune. Full båt av svært nøgde deltakarar som fekk fine kulturopplevingar. Turen gjekk frå Vikanes. Frå kaien ved Mellesdal gjekk ein på veg/sti, og vart tromma inn på tunet av vår kontakt Ben Nordby. Han spelte melodi på ei sag på det vakre tunet, der ein kunne sjå utsikt mot Husdalsfjellet. Dette var ein sær sars vellukka tur, mykje takka vår dyktige skipper Tore Heimvik med sin lokalkunnskap.

Andre eksempel på vellukka båtturar er til Utvær og ytre Solund i august og turen til Svanøy i mai:

Turen til Utvær og Nautøyna med Nordhordland Turlag blei ein flott dag med gode vertskap, nydelig mat og omvisningar i spektakulær natur. Deltakarane fekk oppleve både kapellstad, fyr, øyvandringar og trivelege møter med lokale kjentfolk. Heile dagen vart oppsummert som ei kjekk og minnerik oppleving i øyriket Solund.

Nordhordland Turlag gjennomførte ein flott båttur til Svanøy i mai med 87 deltakarar om bord på M/S *Experience*, som gav fantastisk utsyn gjennom heile den vakre kystreisa. På Svanøy hovudgård fekk gruppa ei lærerik omvisning, og varm betasuppe frå Kilstraumen Gjestgiveri fall godt i smak, medan skipper Helge Øksnes og mannskapet trygt leia turen og delte historier frå området. Ei særleg stor takk gjekk til Rune Brundtland og makker Birger Tomasgaard for å ha lagt ned mykje arbeid i å sy saman ein tur som deltakarane set stor pris på.

Seilas i Osterfjorden – ein sikker vinner

Dette vart ein populær nykommar i 2023. I 2025 har vi arrangert heile 6 turar med båt i Osterfjorden. Båtturen frå Vikanes gjekk via de idylliske øyene Haukøy og Padøy som man ser frå Vikanes men som få har besøkt. Frå Padøy kryssar vi fjorden over til Askildneset der vi kan gå opp i en av laksegiljene som er restaurert de siste årene. Båten gjekk vidare til Stokken, en veglaus gard på Osterøy. Frå Stokken går man sørover til Kleiveland gard kor det vart servert nydeleg middag/lunsj i flotte omgjevnader. Det vart også filmvisning og foredrag om laksefisket i Osterfjorden/Veafjorden og ved Stamnes. Dette har blitt ein skikkeleg populær tur, med eit flott kulturhistorisk preg.

Naturvernarbeidet – er viktig for DNT og Nordhordland Turlag.

Vi støtter «Folk for fjella» mot vindkraft og BHT sitt arbeid for naturvernarbeid.

Engasjementet for å ta vare på Modalsfjella viste seg enormt då 200 personar møtte opp på Turlaget si inspirasjonskveld i Knarvik i februar. Den ferske styreleiaren Kjetil Eikefet leia arrangementet stødig, og mange bidrog med appellar, foredrag og frivillig innsats. 10. april sa eit solid overtal i Modalen nei til utbygging av vindkraft og vi er takksame for at fjella våre ikkje vert knust av vindkraftindustri.


5. Hytter og ruter

Nordhordland Turlag har tilsyn med fire av Bergen og Hordaland sine turisthytter: **Vardadalsbu, Skavlabu, Kalvedalen og Rongevær Kysthytte.**

Rongevær Kysthytte har vore ein stor suksess og mykje besøkt i år igjen. 4155 overnattingar i 2025, 5 % opp frå 2024 med 3969 overnattingar. Med godt over 4000 overnattingar er Rongevær den mest besøkte hytta i BHT-systemet i 2025, som den har vore dei siste år.

Dei tre fjellhyttene vi har tilsyn med hadde alle ei større auke i besøkstala i 2024. I 2025 var det kun ei av fjellhyttene som hadde auke i besøkstal, den andre ein liten nedgang. Hyttene har mykje ledig kapasitet og vi kan bli endå flinkare til å bruke dei i vårt turprogram. Status for 2025 er:

- Kalvedalen hadde 406 besøk mot 456 i 2024 (11% ned)
- Skavlabu hadde 504 besøk mot 529 i 2024 (5% ned)
- Vardadalsbu hadde 386 besøk mot 372 i 2024 (4 % auke)



Skavlabu turisthytte –

Aktiviteten på Skavlabu i 2025 starta seint på grunn av dårleg vêr, men fleire tilsyns- og arbeidsturar vart gjennomførte frå mars til mai. Både ski- og fotturar vart nytta, og vanleg sesongstart utan ski kom uvanleg tidleg grunna lite snø i fjellet.

Hovuddugnaden i slutten av juni samla åtte frivillige som fekk gjort mykje viktig arbeid på hyttene. Det største prosjektet var ferdigstilling av plattingen ved hovudhytta, i tillegg til pussing av spisebord og generell vedlikehald. Begge hyttene vart vaska og lufta, og alt av returfrakt vart teke ned med helikopter trass i utfordrande tåkeforhold.

I september vart det arrangert fjellfest på Skavlabu med rundt 90 deltakarar for å markere at vindmølleplanane vart stoppa. Fjellfesten vart ei vellukka feiring med musikk, talar og god stemning.

Vinterklargjeringa i oktober vart gjennomført åleine og omfatta vedlikehald, provianttelling og klargjering av hyttene. Skavlabu hadde eit godt år med mykje besøk, også frå fleire førstegongsbesøkande. Året blei avslutta med takk til frivillige og optimisme for ein endå betre sesong i 2026.

Kalvedalen og Vardadalsbu turisthytter –

Kvart år er det dugnad i juni og oktober. Hyttene blir klargjort til sesong, sommar som vinter. Også i år vart dugnadane gjennomført med stil og god stemning. Hyttene blir vaska, bord og stolar skurte, sengetøy skifta, ved stabla, proviant sett på plass og anna førefallande arbeid utført. Dette er sosiale helger i fjellet som mange frivillige likar å vera med på år etter år. Tusen takk for det. Det er alltid plass til fleire og nye frivillige er hjarteleg velkomne.

Rongevær Kysthytte –

Kysthytta vår har blitt ei svært populær hytte på kort tid og har mange overnattingar. Tala for 2025 ligg over rekordåret 2024, med godt over 4000 overnattingar. Hytta er i år igjen den best besøkte i Bergen og Hordaland turlag. Hytta blir brukt til ulike arrangement. Det er også ei hytte som blir besøkt av andre menneske enn dei typiske friluftsfolka som går i fjellet. Mange kjem ut for å nytte robåtar og kunne fiske. Ei hytte ved havet - for alle, slik intensjonen var då hytta kom i drift. I heile sommarferien til skulane var det hyttevertar på Rongevær.

Eit høgt besøkstal krev mykje av hyttetilsynet. Det er tilsynsturar kvar veke samt helgedugnader vår og haust. Det er laga ny kai og nye kajakkbrygger stod ferdig i 2025 slik at alle no kan komme seg trygt ut på sjøen. Badstu på kaien er påbegynt hausten 2025. Klar for åpning i 2026.

Vi vil også nemne at frivillige frå Nordhordland Turlag har ansvar for hyttetilsyna i **Norddalen** og på **Vatnane**. Her blir det også gjort ein flott dugnadsinnsats.

Tilsynet ved Eldsbu på Eldsfjellet har vore under Nordhordland turlag sitt ansvar. Dette blir avslutta ved utgangen av 2025.

Merke- og rutegruppa –

Nordhordland turlag er eit av få lokallag som har ei eiga merke- og rutegruppe. Dei er dyktige og held vedlike ca. 130 km av rutenettet i DNT. Merke- og rutegruppa har gjort ein stor dugnad på stien frå Kvingo til Kalvedalshytta dette året. Ei imponerende gangbru og klopper er bygd over eit vått stiparti. Det blei utført 394 timer dugnad i sti og merkegruppa i 2025. Jan Ivar Berge gav seg som leiar for gruppa etter 25 års organisering og leiing for gruppa. Ansvar er no overført til Svein Even Grindheim. Det var ei samling på Ostereidet Kro for den flittige gjengen i haust. Der vart Jan Ivar Berge takka av etter mange års solid innsats.

Nordhordland Turlag har også hatt tilsynsoppgåver ved dagsturhytta Eldsbu på Eldsfjellet, dette vart avslutta i 2025.

6. Sikkerheit

Nordhordland Turlag har ikkje hatt alvorlege avvik på sine turar, arrangement eller dugnader i 2025. Vi jobbar på ulike halde med rutinar for å forebyggje uhell og skadar.

- Alle fellesturane vert risikovurdert og gjennomført med kursa turleiarar i samsvar med DNT sine standardar
- Hyttetilsyna ved leiarane og andre er på samlingar med BHT om rutiner og sikkerhet i hyttedugnaden og helikoptertransport
- Merke- og rutegruppa har sikkerheit, førehandsvarsling og utstyr som tema på si samling
- Laget har satelittelefonar og vindsekkar tilgjengeleg
- Turomtalane vert nøye skildra og gradert for å gje deltakarane mest mogleg rett informasjon
- Turboklubben har frivillige med livredningskurs i sjø. Vi har ingen arrangement ved sjø/vatn utan at ein/fleire av desse er med.
- DNT Tilrettelagt har særskilde tilpassingar til turgruppa si til dømes med å ha mange turleiarar med.

Fjellfesta på Skavlabu i august vart utsatt til september på grunn av værmeldingar med svært mykje nedbør og vind. Ei avgjer vi tok i samarbeid med andre som Brannvesenet.

Dugnadshelga i Stølsheimen avslutta med forrykande regnver og høge elver i juni 2025. Spesielt frå Vardadalsbu var returen tøff. Den erfarne gjengen kom seg ned frå fjellet, men det vart ein tur alle vil hugse.

7. TAKK TIL DEI FRIVILLIGE I LAGET!

I dugnadsstatistikken ser det ut som vi har hatt ein nedgang i dugnadstimar til ca. 6 årsverk i 2025. Reelt sett skuldast det at det frivillige arbeidet knytt til hyttevertane på Rongevær vert ført på moderlaget og ikkje hjå oss lokalt. Det er lagt ned ein imponerende frivillig innsats i

laget. Vi opplever at den frivillige bærebjelken i laget er solid, mange engasjerar seg, og alt av innsats, lite eller stort, kort eller lengre er viktig.

Budeiedilten ble utdelt på årsmøtet i februar 2025 til Knut Espetvedt. Denne prisen er Turlagets heidersteikn.

På landsmøtet i juni 2025 vart Børge Brundtland tildelt den høgthengande DNT sin Hedersknapp. I grunngjevinga står det:

“Han har vært frivillig innen mange forskjellige felt i Bergen og Hordaland Turlag i rundt 20 år. Børge jobber i ulike nivå, både i felt og i beslutningsorgan. Børge er nyskapende, og han er flink å gjøre andre gode. Han setter foreningen foran seg selv. Han har sittet både i landsstyret og vært styreleder i både Bergen og Hordaland Turlag og i Nordhordland Turlag.”

“Børge Brundtland er styreleder i Nordhordland Turlag. Han har utviklet Nordhordland Turlag og friluftstilbudet de har. De har et spennende og populært tilbud, og er veldig flinke til å markedsføre tilbudet. “

8. Vi er stolte og imponerte!

I tillegg er det svært triveleg å ha samlingar med våre frivillige. Vi har hatt raspeballemiddag med sti- og merkegruppa, vi har vore på Molvik gard og Bruvoll camping, Turbo-gjengen har hatt planleggingstreff og DNT Tilrettelagt har kurs og samlingar for den gode gjengen sin. Styret har også hatt møte i Friluftslivets hus i Bergen og var ute på ein betre middag etterpå.

I 2025 var det stas for styret å kunne gje T-skjorte med trykk av Stølsheimen og Nordhordland Turlag til alle våre aktive frivillige.

Styret vil rette ein stor takk til alle som medverkar til Nordhordland Turlag sitt gode tilbod på ulike måtar. Vi ser fram til all aktivitet som skal skje i laget i 2026.

Kjetil Eikefet
Styreleiar

Jane Britt Daae
Nestleiar

Monica D. Skauge
Styremedlem

Ann-Magritt M. Manger
Styremedlem

Irene J. Haugen
Styremedlem

Kristine Lunde
Styremedlem

Silje S. Sudmann
Styremedlem